


Kontaktblad for

Nr. 52 Juni 2021

# HJARTDAL HISTORIELAG

---



# 2021 – enda eit år med korona

Eit år har gått sidan vi sist skreiv om historielaget i ei koronatid i Kontaktbladet.

Det har vore eit rart år for historielaget som for dei fleste andre. Til vanleg har vi på denne tida oppsummert året vi har hatt bak oss med turar, arrangement og foredragskveldar. Koronapandemien sette ein effektiv stoppar for alt det.

Det er spesielt tilbodet til medlemmene og publikum elles det har gått hardt utover. Mindre aktivitet enn vanleg har nok vore tydeleg.

Sjølv om det meste blei lagt på eit minimumsnivå har vi likevel fått gjort noko. Vi sette oss tidleg i 2020 målsetting om å få ut Kontaktbladet i tillegg til årboka og Hjartdalskalenderen.

Arbeidet med husmannsplassboka for Tuddal og kulturminneplanen var vi også innstilt på å halde fram med trass i koronaen. Det har vi klart.

Og det lokalhistoriske arkivet er under stadig forbetring og opprydding. Dette er ein lite synleg aktivitet for medlemmene i det daglege, men alle som vil kan snart ha stor nytte av dette arbeidet.

Det er særleg avtalene med NIA (Norsk industriarbeidermuseum) og Tuddal bygdetun og Mølla saman

med arbeidet med kulturminneplanen som peikar seg ut som dei store sakene dette året.

Avtalene med NIA blei underskrivne i juni i år. Tuddal bygdetun er nå del av det nasjonale museumskartet med statleg og fylkeskommunal oppfølging. NIA har nå ansvaret for bygningsvern, samlingsforvaltning og formidlingsprogram for publikum.

Det er også inngått avtale om å utrede ny bruk og utvikling av mølla ved Omnesfossen. Guro Nordby i NIA er prosjektleiar.

Kommunestyrets møte i mai i år der planprogram for kulturmiljøplan endeleg blei vedtatt, er ei storhending for historielaget. Vi har tre deltakrar i arbeidsgruppa som hadde oppstartsmøte 6. juni. Kulturmiljøplanen er planlagt ferdig våren 2022 (sjå eigen artikkel).

Historielaget har mangt å stå i med, men nå ser vi som alle andre fram til sommar og ferie med ein korona på tilbaketog.

Til hausten samlast vi i Tuddal til lansering av ei ny husmannsplassbok som sjølvsagt vil vere gratis for deg som medlem. Ei flott bok om dei hundretalls husmannsplassane i Tuddalsbygda. Vi håper vi ser deg der!

Svein Bakkalia

## Om framsidebildet

Frå den nye husmannsplassboka om Tuddal.

Liv Haukås og sønene Olav og Gunleik har vore i Skimyrområdet om lag ei mil unna, og henta ein høysekk. Dette var i vårknipa. Da måtte ein vera glad for kvart høystrået ein fekk tak i. Det måtte staute og sterke folk til eit slikt tilvære.

Bildet er frå 1928, tatt av Bjarne Rødseth, og Ivar Haukås eig bildet.

# Gratis husmannsplassbok til medlemmene

Årbokarbeidet har kome til eit vendepunkt. Vi har klart å gje ut ti årbøker på ti år som er, om vi skal seie det sjølv, ein prestasjon. Vi kan trygt seie at eit mål er nådd. Årbøker i akkurat samme form vil det antageleg ikkje bli i framtida, men lokalhistoriske bøker frå historielaget vil halde fram, men i mindre faste former.

Det kan det eine året bli ei temabok som husmannsplassboka, eller eit anna år ei bok med fleire lokalhistoriske artiklar slik årbökene har vore.

Da det i 2019 kom to bøker frå historielaget si hand – både årbok

og husmannsplassbok for Sauland, såg vi at dette var på, eller over grensa for kva vi hadde kapasitet til på eitt år. Vi gjev derfor ut boka om husmannsplassane i Tuddal i staden for årbok i år. Medlemmene får denne boka, som er større enn ei årbok, som gratisbok dekt av årskontingenten.

Mange vil nok savne årboka når det nærmar seg juletider. Men kanskje alt neste år kan det bli ei bok med ei artikkelsamling meir likt tidlegare årbøker. Det vil tida vise – litt av kvart er på gang.



## Grasrotandelen



Historielaget er registrert som mottakar av grasrotandel frå Norsk Tipping.

Vi oppfordrar medlemmar som tippar til å støtte laget ved å registrere historielaget som mottakar!

Du må være kunde hos Norsk Tipping for å bli grasrotgjevar. Du kan knytte deg til historielaget som grasrotmottakar hos ein av tippekommisjonærane eller logge deg inn på [www.norsk-tipping.no/grasrotandelen](http://www.norsk-tipping.no/grasrotandelen)

---

## Snart kjem boka om husmannsplassane i Hjartdal – bli med på arbeidet!

Hjartdal historielag er ferdig med boka om husmannsplassar i Tuddal, men boka er ikkje trykt ennå. Til hausten vil vi ha lanseringsmøte i Tuddal.

Vi har starta arbeidet med å lage bok om husmannsplassane i Hjartdal. Det er tidkrevjande å lage slike bøker, så det tar nokre år før boka er klar. Vi kjem til å måtte spørje lokale personar om hjelp, og vi er svært interesserte i å kunne ta bilde av gamle foto med husmannsplassar og personar som har budd der. Vi treng ikkje låne bilda med heim.

Kontakt Audun Solberg (90974089, audunsolberg123@gmail.com).



Rester av tidlegare husmannsplass ved Hjartsjøvatnet.

# Endeleg ein kulturmiljøplan for Hjartdal kommune

Hjartdal kommunestyre vedtok i desember 2019 å be rådmannen utgreie arbeidsomfang og kostnaden med å utarbeide ein kulturminneplan.

Historielaget hatt ein communal kulturminneplan som mål i mange år og dette arbeidet er nå godt igang. Vi har dette året hatt fleire møte med prosjektleiarane i kommunen, Hans Jørgen Aase.

Midt i februar 2021 blei planprogrammet lagt ut til høyring med frist 2. april. «Kommunedelplan for kulturmiljø» (kulturminneplan) blei godkjent i kommunestyret 5. mai 2021.

Kommunen har også søkt Riksantikvaren om økonomiske midlar.

Til den praktiske gjennomføringa er det etablert ei arbeidsgruppe med deltakarar fra administrasjonen, politisk representasjon og lokale lag og foreiningar.

Oppstartmøte for arbeidsgruppa blei halde torsdag 3. juni. Historielaget har med tre deltakarar, Ingunn Hovde, Audun Solberg og Svein Bakkalia.

Hjartdal Bondelag /Hjartdal Bonde- og Småbrukarlag har med inntil 2 personar og Norsk Industriarbeidermuseum /Tuddal bygdetun 1 person.

Frå Hjartdal kommune;

Hans Jørgen Aase (prosjektleiar)  
Maria Fremmerlid (plan)

Åge Johannes Jamtveit (byggesak)  
Svein Erik Sletta (politisk oppnemnt representant)

Utkast til saksliste på møtet:

- Kulturmiljøplan – introduksjon (planprogram, arbeidsgruppe, framdrift, eksempel frå gjennomførte prosjekt)
- Eksisterande register og databaser – kva har vi oversikt over
- Kulturminne i saksbehandling – trengs det overordna føringar?
- Utforming av kulturmiljøplan – drøfting i arbeidsgruppa
- Informasjonsmøte / sette kulturminne på dagsorden
- Behov for kartlegging /fotografering i felt
- Involvering av organisasjonane / arbeidsdeling / innleigd hjelp
- Eventuelt

Historielaget har som nemnt hatt ein communal kulturminneplan på si prioriteringsliste i mange år. For å vise omfanget av dette arbeidet tar vi med ein oversikt her:

2012:

Møte med kultursjef Bjørn Rugaas der m.a. vern av kulturminner er tema.

2013:

Historielaget opprettar Kulturminnefondet for å stimulere til vern av kulturminner.

2014:

- Historielaget sender brev til kommunen der vi ber om at det blir starta opp eit arbeid med ein kulturminneplan.



*Den freda garden Sud-Aabø er eit verdifult kulturminne med fleire svært gamle bygningar.*  
Foto: Tov Reisjå.

- Oppslag i Telen om blankt avslag  
frå kommunen.

2015:

Ein søknad til historielagets kulturminnefond blir innvilga.

2016:

- Historielaget deltar med tre personar på seminar i Larvik i regi av Riksantikvaren med tema kulturminneplaner og lokalt kulturminnearbeid.

- Historielaget deltar med tre personar på seminar på Evju Bygdetun i regi av Landslaget for lokalhistorie med kulturminner og kulturminneplaner som tema. Riksantikvaren er også tilstades.

- Historielaget sender brev til kommunen om kulturminnene i sam-

funnsdelen av kommuneplanen med eit møte med Torunn H Kaasa frå kommunen etterpå.

- Historielaget sender brev til AT Skog om skogbruket og kulturminnene med eit møte etterpå.

- Det kjem inn tre søknadar til Kulturminnefondet. Alle blir innvilga.

2017:

- Styret i historielaget gjennomfører eit internt studieopplegg om kulturminner med 2 møter dette året. Om kulturminnevernets historikk, Riksantikvarens organisering og oppgåver og Hjartdal kommunes arbeid med kulturminnene.

Det blir laga eit eige hefte for stu diemøtene.

- Det kjem inn tre søknadar til Kulturminnefondet. Alle blir innvilga.

2018:

- Styret fullfører studieopplegget om kulturminner med 2 nye møter. Om kulturminnene i Hjartdal, freda og verneverdig kulturminner og historielagets arbeid med kulturminner.

- Det kjem inn 2 søknadar til Kulturminnefondet. 1 innvilga og 1 utsett.

2019:

- Kommunestyret vedtar i desember å be Rådmannen utgreie kor mykje det vil koste å utarbeide ein kulturminneplan.

- Det samme kommunestyret vedtar løyvingar slik at Tuddal Bygdetun blir konsolidert under NIA. Det blir også vedtatt løyvingar for at NIA kan utgreie kva som kan gjerast med Heddal mølle.

2020:

- Brevveksling på våren og hausten med kommunalsjef Tor Arne Hellkås

om eit møte med historielaget om oppstart av arbeidet med kulturminneplan utan at dette blei noko av.

2021:

- Tre personar frå historielaget har to møter på nyåret med prosjektleiar Hans Jørgen Aase om søknad til Riksantivaren og planprogram for kulturmiljøplan.

- Hjartdal kommune søker i februar Riksantivaren om midlar til oppstart av arbeidet med ein kulturmiljøplan. Planen blir ein kommunedelplan.

- Planprogram for utarbeiding av kulturmiljøplan blir lagt ut til høring i februar med frist 2. april.

- «Kommunedelplan for kulturmiljø» (kulturminneplan) blir godkjent i kommunestyret 5. mai 2021.

- Oppstartmøte for arbeidsgruppa for kulturmiljøplan blir halde torsdag 3. juni. Historielaget har med tre deltararar.



Kulturminne kan vere så mangt. Noko kan berre takast vare på i fotografisk form. Krigs- og kulturminnet som høgspentlinja frå Rjukan til Herøya utgjer, blei delvis fjerna for nokre år sidan. Bildet er tatt frå utløpet av Sønnlandsvatnet. Vi ser også ei gammal bru som også er borte.

# I avisa for 100 år sidan

Dette har vore ei fast spalte i årbøkene, og sidan vi blir utan slik bok i år kan jo kontaktbladet vere eit passande forum for slikt stoff.

Alle desse bidraga er frå avisat *Teledølen* 1921:

Vi les fyrst at frå 11. januar er nå *landsmaalet* innført i alle skulekrinsane i Hjartdal herad.

15.januar var det heradstyremøte. Dr. Strømme frå Notodden skulle konstituerast som distriktslækjar.

Torgrim Bjørndalen fekk 100 kroner i tilskot for å få borna på skulen, da dei hadde så lang skuleveg.

Lærarane sökte dyrtidstillegg – fekk 200 kr.

I slutten av januar blir det også skrive om ein religiøs vekkelse i

Sauland etter besøk av ein emissær. Den unge Gjermund Bjelland frå bygda er også talar.

Seinare blir det endeleg tilsetjing av distriktslækjar – dr. Ravn, og arbeidet på doktorgården må skundast på. Seinare på året trekker Ravn seg.

## Debatt om køyreløyve

Den store debatten var om kven som skulle få løyve til rutebilkøyring til sanatoriet i Tuddal. Til slutt var det Øst-Telemarkens Automobilselskap som fekk løyvet. Elles frå referatet i Herredstyret er det vel ting som minner våre dagars strid om snøskuterløyve:

*Lensmannen spurde korleis han skulde med: dei private bilane som bad um å køyra upp til hotellet um sumrane. Fyr hadde han gjeve dei*



Garden Tjønnås var kommunal eigedom ein periode. Da var det på tale å opprette landbrukskule for fjellbygene der. På bildet er det politikarar som har stilt opp til fotogrfering på tunet. Foto: Tov Reisjå.

*lov når dei køyrdet til same tid som ruta. Asland trudde dette lett kunde verta til at dei køyrdet naar som helst.*

*Kaasa hadde røysta som han gjorde idag av di han vilde faa klaare liner med denne køyringi. Ifor køyrdet dei villt og bilane vart svært upopulære i bygdi på denne måten. Trudde all køyring utenom dei som hadde fåt løyve hjelpte til å gjera det so iaar og.*

*Bøen vilde opna bilkøyring til Tuddal berre av den grunn at straumen maatte faa sleppa fram, ikkje noko slags køyring til lyst.*

*Olsen: Alle stader maa ein faa faste rutor i likhet med baat og bane. Det vert det beste for samfunnstrafikken og daa kann ein og rekna paa tilskot fraa stat og kommune.*

**Landbruksskule på Tjønnås**  
Ei annan sak som er oppe fleire gonger i Herredsstyret er spørsmålet om opprettning av landbruksskule for fjellbygdene i Telemark. Det er eide dommen Tjønnås som er aktuell, og kommunen er innstilt på å tilby fylket garden med 2000 mål skog og stulen Briskeroe til dette formålet. Men der som det ikkje blir noko av skulen, skal eigedomen vederlagsfritt gå attende til kommunen.

Det vi veit i ettertid er at det ikkje blei noko av denne skulen.

**Det tar tid med Bergtun**  
I eit lesarinlegg (sjå faksimile) skriv ein høfleg anonym innsendar og spør den "ærede byggekomite" kvifor det går så sakte med oppføringa av ungdomshuset i Hjartdal. Alt

Til  
ungdomslagets byggekomite!

Nu, hvordan gaar det med forberedelserne til ungdomshusets opførelse. Den ærede byggekomite ligger ikke i dødvandet vel? Skal vi faa os et lokale — som vi saa nderlig ønsker — maa man nu ta fat. Det har i mange aar været paa tale inden laget dette at opføre lokale men det har ikke blit til virkelighet. Nu har vi imidertid kommet saa langt, at vi har faat lov paa tomt og vi er blit fortrolig med, at vi straks skulde faa huset færdig, men kanskje vi blir skuffet? Kanskje vi makter ikke mer end grundläggelsen og en anden generation maa fuldføre det?

Nogen av de rotemann som skulde samle ind midler har været flinke. Skulde det findes nogen som endnu ikke har begyndt, maa nu disse til, ti det haster. Tømmeret f. eks. maa kjøres vek før merkningen begynder.

Ærbødigst,  
En interessert.

ser ut til å ligge vel til rette, men han har inntrykk av at saken ligg "i dødvandet".

**Elverhøy – eit mynsterbruk**  
Johs. Særland søker om statstilskot til utbygging mot Hjartdøla ved "Elverhøy" i Hjartdal. Kommunen tilrår søknaden da dei ser på Særland som ein "meir enn sedvanleg flink mann. Av skral, tungvinn og steinfull jord hev han arbeidt upp eit mynsterbruk".

## Dødsulykke på Tuddalsdalen

Til slutt må vi nemne ei trist dødsulykke med ein rutebil omtrent ei halv mil frå Sauland på veg til Tuddal. Det var vanskeleg snøføre og bilen kom utanfor vegen på eine sida. Da sjåføren gav gass for å komme oppatt, bykste bilen heilt over på andre sida og velta heilt rundt.

Sjåføren og ein passasjer kom vel frå det, men den 32-årige Bergit Bekkhus blei klemt under bilen og omkom.

Bergit skildrast som ei snill og dyktig kvinne. Ho hadde teneste i Sauland og skulle eigentleg kjøre med postbilen til Tuddal, men fekk tilbod om å sitte på med ulykkesbilen for å komme fortare heim.



*Det tok tid å komme i gang med arbeidet på Bergtun, men kanskje hjelpte det med eit lesarinnlegg. Her er i alle fall bygginga komme langt*

## Styret etter årsmøtet 22. juni 2021:

*Svein Bakkalia leiar*

*Ingunn Hovde*

*Audun Darrud*

*Gunvald Tho*

*Audun Solberg*

*Torkjell Tjønn*

*Torkild H Mosebø 1. varamedlem*

*Atle Våle 2. varamedlem*

*Valgkomite: Tone Stuvrud, Ingebjørg Bjørnstad og Torgunn Opsal*

*Revisor: Torkjell Sletta*

*Styret blir konstituert på første styremøte etter årsmøtet*

# Olav Brekka

Ein av Saulands eldste

*Vi tek også med ein større artikkel  
frå 1920-åras lokalaviser sjølv om  
det ikkje er akkurat 100 år sidan.  
Det var Telen som presenterte Olav  
Brekka slik ein gong i 1929.*

I Sauland bur ein tilårskommen gubbe, som mange kringom i bygdene kjenner. Han er fødd på Sud-Sauar i Heddal, 24de april 1844, av foreldri Ambros Kjetilsen Sauar og Tone, fødd Bamle.

Dei var 9 syskin: Kjetil, Andres, Ambros, Ola, Sveinung, Ingebjørg, Ragnhild, Anne og Tone. Kjetil var den eldste og skulde fengje Sauar, fortel Ola under ei samrøde eg har hatt med han, men so døydde han og Ambros laut få garden istaden.

Andres budde på Skårdal i Sauland ei tid, flutte so til Amerika og døydde derover. Han etterlet seg nokre born. Ingebjørg vart gift med Sveinung Rekå, men døydde for mange år sidan. Ragnhild og Anne er og døde. Ingen av dei var gifte. Sveinung og Tone liver i US.

So var det Olav eg idag skal vigja nokre ord: Han kaupte nordre Skårdal i Sauland og budde der i 10 år. So vart han gift med Ragnhild Brekka frå same bygd, og ho hadde odelsretten til garden ho var komen frå. Olav selde då Skårdal og flutte til Brekka i året 1882. Sidan har han budd der.

Den 8de oktober 1903 døydde kona frå han og sidan har Olav vore enkemann. Ragnhild var ei syster av



no avlidne lensmann O. T. Mosebø.

I sitt ekteskap med Ragnhild fekk Olav 4 born. Den eine av desse var landhandlar Torkell Brekka i Heddal, som vart gift med ei dotter av Gregar Bakka. Han døydde for to år sidan. Den andre er bonde Ambros Brekka, gift med Torild Funner frå Hjartdal. Two søner til er døde. Ambros er soleis den einaste som liver att av alle fire, og av honom har Olav føderåd.

Olav Brekka har ikkje hatt hug til det politiske livet, og har då heller ikkje kome med i det. Derimot har han drive mykje med mangt anna til sitt eige beste. Med gardsbruk, med sagbruk dreiv han i lang tid, med stampe og slikt.

Enno er han kry og kjekk. Syns- og høyreevna er bra, likeins og forstanden er som den har vore. Og

han har alltid hatt eit godt skyn. Ein praktisk mann har han vore, stø og sterkt. Den førvaksne, staute gubbe, som no er over 85 år, har staven med seg for å vera heilt trygg, men han treng den ikkje. – So kjekk 85-åring er ikkje i kvar gard.

Eg tala lenge med han her um dagen, og han var god til å tala.

Skynsam og klok. Koseleg, endefram og greid. Eg veit han er avhalden av dei som kjenner han, og har mange vener, difor tek eg ordet på vegne åt alle desse og ynskjer "gamle Brekken"mange ljose år.

Kornelius.


## Kontingent 2021

Saman med dette bladet sender vi ut bankgiro for kontingensten 2021. Medlemskontingensten er 300 kroner. Om aktiviteten er begrensa også i år, vil vi halde fram med rimelege arrangement og bokutgjevingar. Vi ser gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!

## Facebook og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: [facebook.com/hjartdalhistorielag](https://facebook.com/hjartdalhistorielag)  
Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Ofte viser vi til interessant stoff på internett. Vi veit sjølvsagt at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner og kjente om hjelp. Ein kan også kontakte frivillighetssentralen om hjelp til dette.



## HJARTDAL HISTORIELAG

*Leiar: Svein Bakkalia, Sjotmovegen 24, 3692 Sauland  
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no*

*Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje  
Tlf.: 48237883 skoje@online.no  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>  
Hjartdalbanken 2699 07 04332*

*Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*